

Rekord i Vonheim: 65 på julefest

28.12.2010



Det var 3 ringar rundt treet dette året

**Halve grenda plar å vera på den tradisjonelle julefesten i Vonheim, men i kveld kom meir enn halve grenda:**

**65 var til stades på festen trass i det kalde veret og det er ny rekord.  
Både ifjor og i forfjor kom det 40.**



Klokkenar slo presten i appelsinskrelling!

Den som går god for rekorden er Trygve Haugland, som nærmar seg 83 år og som hugsar heilt attende tilflyttinga og vigslinga av Vonheim i 1933! Han var også den eldste festdeltakar i kveld, medan 11 veker gamle Emmie Musland var den yngste.



Musikklaget opnar festen kvart år.

Festen var som vanleg svært innhaldsrik og godt organisert. Den var ein fin blanding av ålvor og litt skjemt og hadde det tradisjonelle opplegget. Margot Haugland leia den med unnatak av at Møyfrid Kristoffersen stod for leiinga av juletregangen. Den var spesiell, ettersom dei denne gongen måtte auka til 3 ringar! Så dei som har hevda at det er plass til berre 2 ringar rundt juletreeet i Vonheim tek feil!



Yngste deltar var Emmie Musland som er 11 veker.

Leikar høyrer også med og her var Ingebjørg Haugland leiar. Det var grunn til å merka seg at laget til klokken (Oddbjørg Heimark) slo laget til presten (Kristian Due) i appelsinskrelletevlinga!



Sokneprest Kristian Due var andaktshaldar

Presten var i Vonheim første gong som andaktshaldar og løyste oppgåva med å attgje ei rørande legende frå Mexico om Maria og julestjerna.

Juleevangeliet vart lese av Ingvill (11) og Karoline (4) Myklebust.



Festleiar Margot Haugland presenterar nissen

Festen har sidan 1987 starta med at Musikklaget spelar eit utdrag av kjente og kjære julesongar og denne gongen var det 8 mellom 19 og 78 år som stilte opp med instrumenta.

Matøkta under julefesten i Vonheim er spesiell. Alle har med mat og serveringa går føre seg på bord som blir slege opp.

Etter serveringa må dei "pakkas ned" att for at det skal bli plass til ein omgang til rundt juletreet.

Julefesten i Vonheim er ein av dei beste tradisjonane vi har i Uskedalen og dei utrettelege tradisjonsberarane som står for organiseringen fortener stor ros.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen